



*Til aktuelle sponsorer av
Lom idrettslag 2017-2019*

Visjon Lom idrettslag: Flest mogleg - lengst mogleg



Emma Mallaug (midten) kretsmeister og vinnar av GD-cup 2016. Foto: GD.

Våre hovudmål er å ...

- Aktivisere flest mogleg, med spesiell vekt på barn og unge.
- Oppretthalde og vidareutvikle aktiviteten i eksisterande idrettar.
- Utvide aktivitetstilbodet for å engasjere nye målgrupper.

Kvart år blir det lagt ned tusenvis av friviljuge arbeidstimar for idretten i Lom. Idrettslaget er den største friviljuge organisasjonen i Lom og er ein viktig samfunnsbyggjar som held barn og unge i fysisk aktivitet utanom skuletid. Lom idrettslag er ein viktig arena for integrering og sosialt samvær blant unge og vaksne. Innsatsen til medlemmane våre gjer det og mogleg å gjennomføre store arrangement som Fjordingsmartnan og Landskappleiken. Den store aktiviteten medører mykje administrativt arbeid og det kan vere ei stor utfordring å engasjere folk til å ta på seg ulike styreverv i laga. Lom og Skjåk idrettslag tilsette i 2016 felles dagleg leiar. Dette skal lette det administrative arbeidet og skape trygghet og kontinuitet i arbeidet som blir lagt ned. Økonomien vil alltid vere ei utfordring for friviljuge organisasjonar, og at idrettslaget klarar å vidareføre og utvikle samarbeidet med næringslivet vil vere heilt avgjerande for framtida til idretten i bygdene våre. For dagleg leiar vil dette derfor vere ei prioritert arbeidsoppgåve. Ei viktig målsetjing her vil vere å auke det marknadsmessige utbyttet bedriftene har av ei sponsoravtale med idrettslaget.

Fakta om Lom idrettslag

- Skipa i 1940, har hatt stabilt stor aktivitet etter det.
- Hadde om lag 460 medlemmar i 2016 og aukar for kvart år.

- 5 undergrupper: fotball, ski, ishockey, idrettsskule og tur/trim.
- Disponerer idrettsanlegget i Grov med ishockeybane kunstgrasbane, grasbane og klubbhus.
- Nyrestaurert skianlegg i Lia med 3 km lysløype og turløype i Åslirunda. Ny gapahuk/varmebu i Åslirunda og restaurert klubbhus ved Ljosløypa.
- Har felles dagleg leiar med Skjåk idrettslag i 100 % stilling.
- Opptil fleire hundre personar deltek årleg i ulike dugnader for Lom IL. Ei grov utrekning basert på faktorar frå tidlegare forskning på friviljugheit i norsk idrett (Wollebæck, Selle og Lorentzen, 2000), viser at Lom IL totalt produserer om lag 8 friviljuge årsverk, noko som tilsvarar ein kroneverdi på 3,2 millionar med utgangspunkt i ei årsløn på 400 000 kr/årsverk.

Aktivitetstilbod

Fotball

Fotballen i Lom har som hovudmål å aktivisere flest moglege ungar, ungdommar og vaksne. I sesongen 2016 hadde vi 22 lag med totalt 210 aktive utøvarar frå 7 år til senioralder. Vi gjennomførte Lomsturnering i september med over 30 deltakande lag og det blir arrangert spelakademi og andre mindre turneringar gjennom sesongen. I 2016 kvalifiserte vi tre lag til KM på Hamar, der J13 vart kretsmeistrar. Det er jentene våre som har prestert best dei siste åra, men vi har både gute- og jentelag som gjer det godt lokalt og nasjonalt. Vi er stolte over å ha stilt seniorlag for kvinner i 2016, og mtp. den gode rekrutteringa ser vi ljost på framtida for junior- og seniorfotballen i Lom.



Etter nokre tunge sesongar har A-laget hatt ein fin oppsving etter at Øyvind Moe overtok trenaransvaret i 2016. Her er han sjølv i aksjon som spelar i 2012. Foto: Vigdis Kroken.

Ski

Aktiviteten i skigruppa skaut fart mot slutten av 00- talet og har etter kvart fått eitt av dei største og beste langrennsmiljøa i fylket. Takka vere ein eineståande dugnadsinnsats av ildsjeler i skigruppa, foreldre og lokale bedrifter har vi no eit flott og nyrenovert skianlegg i Lia. Vi hadde i 2016 totalt 131 startande på kretsrenn og 31 startande på Grannekarusell. Vi har blant anna produsert ein noregsmeister (Sjur Slettom) og fleire kretsmeistrar dei siste åra. Lom IL har i 2017 representantar i alle norgesmeisterskap frå 13 år til senior! I fjor fekk vi og to klassesigrar i GD-cupen til Emma Mallaug og Reidar Aurmo. Skigruppa er med andre ord godt

synlege med ei stor gruppe deltakarar i mange av renna vi deltek på både lokalt og nasjonalt.

Det blir og arrangert fellestreningar store delar av året på barmark, i hallen og i skiløypa. Skigruppa har som hovudmål å oppretthalde den store breidda og samtidig vere eit godt springbrett for dei som ynskjer å satse.



Reidar Aurmo: nr 1 KM, nr 1 GD-cup, nr 10 og 16 i Hovedlandsrennet 2016. Foto: GD.

Idrettsskulen

Idrettsskulen er eit variert lågterskeltilbod for barn opp til og med 12 år. Her får ungane prøve seg i mange forskjellige idrettar, og hovudmålet er å utvikle grunnleggjande fysiske eigenskapar gjennom leik og moro. Vi arrangerer aktivitetar som terrengsykling, skileik, terrengløp, innebandy, fotball, basket og

andre hallaktivitetar. Det var i 2015 totalt 72 deltakarar i alderen 6-12 år, og vi hadde 57 startande på terrengløpa.



Illustrasjonsfoto for idrettsskolen. Foto: Idrettsskolen, Lom IL

Trim

Trimgruppa driv aktivitetar innan turorientering, spinning og arrangerte fjellturar. Dette er eit lågterskeltilbod som skal få både unge og vaksne ut av sofaen. Turpostar med varierende vanskelegheitsgrad gjer at mange får utforska naturen i nærmiljøet på ein ny måte. Vi har og hatt Trøyllpostar for dei under 7 år og her vart 21 deltakarar premiert i 2015. Det vart og arrangert om lag 40 spinningøktar med ei gjennomsnittleg antal deltakarar på 10-11.

Ishockey

Ishockeygruppa vart stifta i 2016 og er vårt nyaste aktivitetstilbod. Takka vere ein enormt ivrig dugnadsgjeng, har vi no eit moderne ishockeyanlegg som vi preparerer med ismaskin for å få optimale forhold. Anlegget er ope for alle som ønskjer å utfolde seg med ulike is-aktivitetar og vi har organisert trening for junior og senior. Interesse for anlegget har vore stor og vi har god tru på at dette blir ein populær vinteraktivitet i åra framover.



Ny ishockeybane i Grov. Foto: Anders Ringebo

Andre prosjekt og planar for framtida

- Vi har nyleg erstatta den gamle kunstgrasbana med naturgras og parkeringsplass. Det er og gjort til rette for fotballtennis i eine enden av kunstgrasbana. På sikt ynskjer

vi og å restaurere løpebana og leggje til rette for friidrett og basistrening.

- Lom IL planlegg å byggje nytt klubbhus i Grov. Første steg er å byggje sokkel til klubbhuset, som vil fungere som lager/garasje.
- Vi er i startfasa med planar om utskifting av det 13 år gamle kunstgraset i Grov.
- Dagens aktivitetstilbod er hovudsakeleg tiltenkt barn og unge. Vi ynskjer at idrettslaget skal ha eit tilbod for alle, inkludert seniorar. Idrettslaget vil derfor jobbe med å engasjere større målgrupper gjennom tilbod som er tilpassa vaksne og eldre.
- Idrettslaga i Lom og Skjåk samarbeider som nemnt på fleire områder, og medlemmar i Skjåk IL betalar halv pris på kontingent i Lom. Idrettslaga vil vidareføre og styrke dette samarbeidet ved å skape nye tilbod og arrangement på tvers av laga.

Sponsorarbeidet sesongen 2017-2019

Nytt frå sesongen 2017 er at dagleg leiar no har det overordna ansvaret for sponsorarbeidet i idrettslaget. Det betyr at dagleg leiar koordinerar og strukturerar sponsorarbeidet på tvers av gruppene. Idrettslaget vil forhandle hovudsponsoravtaler som samlar det som tidlegare var fleire avtaler til dei ulike undergruppene pr bedrift. Dersom gruppene ynskjer å hente eigne sponsoravtaler til arrangement eller liknande må dette gå gjennom, eller avtalast med dagleg leiar på førehand. Vi ynskjer betre struktur og langsiktighet (helst treårige avtaler) i sponsorarbeidet, og trur ei

slik organisering vil vere til fordel for sponsorane våre. Det vil gjere arbeidet ryddigare og spare idrettslaget og bedriftene for tid og ressursar. Sist men ikkje minst håpar vi at dette vil sikre at sponsorane våre får meir eksponering og utbyte av sine bidrag. I løpet av vinter/vår 2017 vil dagleg leiar ta kontakt med aktuelle sponsorar i Lom og Skjåk. Samarbeid er nøkkelen til å lykkast, og idrettslaget ser fram til å knyte enda betre band til næringslivet i åra framover.

Kvifor sponse Lom idrettslag?

- Bedrifta di vil bidra til at barn, unge, vaksne og eldre har eit godt og variert aktivitetstilbod i Lom.
- Lom idrettslag er aktive og synlege på mange arenaer i lokalsamfunnet. Vi er og representert regionalt og nasjonalt gjennom ulike konkurransar og arrangement.
- Ein viktig effekt av sponing er at ein aukar kjennskapen og lojaliteten til bedrifta basert på kva følelsar/oppfatningar kundegruppa har til sponsorobjektet. Lom IL representerer sunne og gode verdiar, noko som vil skape gode assosiasjonar til di bedrift.
- Om bedrifta ikkje har kundegrunnlag lokalt, vil det vil det å bli assosiert med Lom IL uansett skape viktig «goodwill» i lokalsamfunnet.
- Våre aktivitetstilbod og arrangement dreg, og kan potensielt dra mange tilreisande til Lom. Dette medbringer auka omsetning for mange av bedriftene i Lom i form av handel og overnattingsdøgn.

Korleis kan vi marknadsføre di bedrift?

- Lom idrettslag har vore aktive, og vil bli enda betre på å bruke internett og sosiale media til å marknadsføre aktiviteten vår. Heimesidene har no fått plass til A- og B-sponsorar. Sidene våre hadde nær 15 000 besøk i 2016 og besøkstala er i kraftig vekst. Innlegga på Facebooksida til hovudlaget når gjennomsnittleg ut til om lag 1 000 personar kvar veke.
- Vi har klubbdrakter til fotball, ski og ishockey med plass til sponsorar. Draktene er synlege på mange arenaer lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Ved fotball- og ishockeybana i Grov, og ved skianlegget i Lia har vi plass til stadionreklame. I Grov blir det årleg spelt fleire hundre kampar, og det er treningar stort sett kvar dag i vår- og haustsesongen. På den nye ishockeybana vil vi ha plass til stadionreklame langs vantet. Det nye anlegget har ikkje fått namn enda, og vi ynskjer å auksjonere bort namnet til den heldige bedrifta med det beste bodet.
- Felles klubbavis for idrettslaga i Lom og Skjåk. Tidlegare har fotballgruppa stått for utarbeiding og distribusjon av programheftet. Vi har som mål å utgje klubbavis (avisformat) i Lom og Skjåk som innstikk i Fjuken. Her vil sponsorane kunne kjøpe annonseplass

Bli sponsor!

Vi ynskjer å rangere sponsorane våre i tre kategoriar etter størrelse på avtalene: A, B og C-sponsorar. Det vil bli forhandla individuelt tilpassa avtaler med A- og B-sponsorar, med eksponering etter avtalebeløp. C-sponsorane kan sjølv velje ein eller fleire typar

eksponering frå dei 7 nedste radene i tabellen på baksida av heftet. Alle sponsorane får skriftlege avtaler med spesifiserte beløp pr rettighet til eksponering.

Om du ynskjer å vere sponsor eller har spørsmål til sponsorarbeidet, kan du kontakte dagleg leiar på 90985821 eller dl@lom-idrett.no. På førehand takk til alle som ynskjer å samarbeide med Lom idrettslag!



Målgang på Lomseggen UPP 2015. Foto: skigruppa Lom IL.

Eksposering	Pris pr avtaleår
Bedriftsnamn på Ishockeybane. Vi gjer som Lalm ishockey og auksjonerar bort namnet på ishockeybana vår i Grov. Dette er ei unik moglegheit til å få oppkalla anlegget etter di bedrift. Eksempel frå Lalm : «Proel Arena».	Kom med bud! (Eingongsbeløp)
Eksposering på nett. Generalsponsorar med logo øvst på sida, hovudsponsorar i venstre marg. Profilerings, omtale og tagging på heimeside og sosiale medier.	A- og B-sponsorar
Annonsen i klubbavisa, pris etter plassering og storleik. Avisa blir sendt til alle Fjukenabbonentar i Lom og Skjåk.	1 000,- 1/8 side 2 000,- Kvartside 4 000,- Halvside 8 000,- Heilside
Arenareklame Måsåmyrbakken skianlegg.	4 000,- **
Arenareklame Grov fotballstadion.	4 000,- **
Arenareklame Grov ishockeybane .	4 000,- **
Logo på ishockeydrakt.	5 000,- **
Logo på skijakke/vest/dunjakke frå 2018	5 000,- **
Logo på spele-drakt fotball (bedrifta dekkjer trykk).	6 000,- **

* For enkeltarrangement som Lomseggen UPP, Gapahukfestivalen og Lomsturneringa ynskjer vi å kunne hente avtaler enkeltvis pr år i tilfelle endringar.

**Bedrifta betalar kostnader ved produksjon av arenareklame og trykk på drakter.

Vi vil og gjerne ha treårsavtaler på premiar til basar, loddsalg for Norway Cup og andre faste arrangement. I gjenyting får bedrifta takkeinnlegg med logoeksposering på heimeside og Facebook.